

*Brudlaupsfyl-
gje ved Ber-
telstova på
Øye i 1938.
Bilete utlånt
av Anna I.
Seim*



Gamlevegen i Bergsdalen

Bakgrunn:

Jordbrukslaget har saman med Bergsdalen skule lenge arbeidd med å rydda fram att Gamlevegen. Me har motteke tilskot til arbeidet frå Fylkesmannens Landbruksavdeling. Frå Fosse går vegen til Øye nesten utan å vera innom den noverande bilvegen. Mellom Øye og Lid fylgjer me bilvegen, og så kan ein fylgja den gamle stien frå skulen og over Lia-leite. Nede på bilvegen att, må du fylgje denne til du kjem til saga. Der fylgjer du skiltinga forbi Solbjørg og vidare til Berge.
Me meiner det er ein viktig kulturhistorisk veg som går gjennom ei naturperle av dei skjeldne.

Elevane ved Bergsdalen skule har vore med å rydja vegen. Dei har òg laga skilt som grunneigarar og foreldra ved skulen har sett opp langs ruta. Teksten i denne brosjyra er utarbeidd av skuleborna. Dei har gått på jakt i dalen etter historiar knytt til ulike plassar langs vegen. Resultatet held du i handa.

God (kul)tur!

FRÅ FOSSE TIL ØYE

1. Steingarden

Ein kan framleis sjå restar etter den gamle steingarden som skule halda beitedyra på rett side, så dei ikkje kom ned på innmarka.

2. Kvernhusbekken.

Her stod det i gammal tid eit kvernhus som tilhørde gardane på Øye. Det går gjetord om Nils Øye og korleis han havna i krangel med grunnleggjaren av Dale fabrikk, konsul Jebsen.

Ein gong var Jebsen på tur i Bergsdalen. Då han kom opp til Kvernhusbekken, såg han at Nils Øye låg utenfor kvernhuset sitt og sov i graset medan kvernkallen gjekk. Jebsen stoppa kverna. Nils merka ei endring i lyden, og spratt opp. Då såg han Jebsen i full fart nedover vegen. Då han såg at kverna ikkje gjekk meire, vart han sint og ropte etter Jebsen at "Detta skal du få att!".



Nokre dagar seinare skulle Nils til Dale. Då han kom til fabrikkken, gjekk han bort til vassinntaket ved turbinen og leidde vekk vatnet så turbinen stoppa. Plutselig vart det slutt på straumen og heile fabrikkken stoppa opp. Då Jebsen merka kva som hadde hendt, vart han sint. Etter å ha tenkt seg litt om, spurde han folk på Dale om dei hadde sett han Nils Øye på Dale den dagen; og det hadde dei. Då skjøna han alt. Nils Øye hadde halde det han lova.

3. Bertelstova på Øye.

Gamlevegen gjekk gjennom alle gardstuna i dalen, så også her på Øye. Den vesle stova som står att til venstre for vegtraseen, vert kalla Bertelstova. Bertil Bertilson kjøpte garden i 1858, og etter to ekteskap hadde han til saman 15 born. På det meste kan det ha budd to vaksne og 7 born i denne vesle stova. Bak i brosjyra ser du bilete frå eit brudlaup i Bertelstova i 1938.

4. Frå Lid til Solbjørg.

Lid ligg ca midt i dalen. Her er både kyrkja og skulen. Kyrkja vart bygd i 1954 og stein vart henta frå Bergsfossen. Kyrkje porten er laga



av Åsmund Fosse. Før kyrkja vart bygd gjekk kyrkjevegen til Bolstad og Evanger. Skulen vart bygd i 1977. Før skulen vart bygd var det eit raudt skarv der skulen står no. Det var ein møteplass. Folk møttest der om sundagskveldane og dansa, spelte og song.

På Bortigarden var det også eit slikt raudt skarv. Akkurat på dette skarvet stod farfaren til Tormod Lid ein vårkveld i berre skjorta i sola ein fin vår- ettermiddag og snakka med dei andre karane. Dei hadde god utsikt til gutane som hoppa på ski borti bakken. Det vart skareføre og måneskin før han kom seg heimatt om kvelden. Då hadde han fått frost i seg, så fekk han lungebetennelse. Han døydde etter nokre dagar av sjukdomen, berre 46 år gamal i 1906, frå kona og snart 6 born.

5. Lialeitet

På toppen mellom skulen og bil vegen/saga. Her hadde ein god utsikt nedover til Lid.

6. Hesten som brakk foten.

I dei bratte bakkane opp til Solbjørg var det eingong ein hest som datt og brakk foten. Han hadde altfor tung kløv, og vegen var dårleg. Hesten trødde feil og måtte slaktast på staden.

7. Solbjørg

Etter ei bratt stigning opp frå tippen ved saga kjem du til Solbjørg. På vegen opp mot husa står det nokre flotte florsmurar. Desse har aldri vore i bruk, avdi dei vart bygd under krigen. Tyskarane påa alle som hadde gard å drive han. Solbjørg var gard utan driftsbygning, og då måtte ein slik byggjast.

Under krigen var Solbjørg også ein fin skjulestad. Folk som låg i skjul her, var ned til Berge om natta og "bestilte" seg mat. Så for dei heimatt og passa på å ha blendingsgardinene godt nede.

8. Frå Solbjørg til Berge.

Her var det folk frå dalen møttes for å fretta nytt og ha det moro om sundagskveldane. Her vart det spela og dansa, og ikkje sjeldan kom det folk frå Bolstad og vart med.

I tidlegare tider var det også her futen samla folk for å krevja inn jordaskatten. Mest truleg vart dette gjort tidleg i september. Då samlast folk frå heile dalen på denne plassen for å betala det dei skulda.

Seinare vart skatten krevd inn der Helge Terje Fosse bur no på Lid. Dette vart gjort så seint som i 1948. Det var då lensmannen som krevde inn pengane.

